

NOTAT

Sak: Fyllingsnes reguleringsplan. Status regulert veganlegg.

I forbindelse med reguleringsplanen Fyllingsnes (plan-ID: 200807) er Haugen VVA AS engasjert til å vurdere regulerte veger opp mot krav i vegnormalen. Det er gjort samanlikning mot dagens krav i handbok N100 og handbok 017 som var gjeldande då reguleringsplanane vart utarbeida.

Fyllingsnes

Reguleringsplanen for Fyllingsnes bustadfelt er frå 2011. I føresegna står det at hovudveg frå nord til sør og frå vest til øst (gjennomkøyring til Stemmemyra reguleringsplan med plan-ID: 17022006) skal vera offentlege. Det er derfor disse to vegane som er samanlikna opp mot vegnormalen. Det er ikkje vegnamn i reguleringsplanen, så vegnamn omtalt i dette notatet finnes dermed ikkje på arealkartet i reguleringsplanen. Veg 1 er hovudveg frå E39 i retning sør og veg 2 er frå vest til øst (gjennomkøyring til Stemmemyra).

Fyllingsnes veg 1

Hovudveg frå nord til sør er vurdert til å skulle oppfyllekrav for overordna boligveg i handbok N100 og samleveg, Sa1, i handbok 017. Samanlikning på regulert veg opp mot dei to dimensjoneringsklassane er satt opp i tabell under.

	Fyllingsnes veg 1	N100 (Overordnet boligveg)	017 (Sa1)
Bredde (m)	6	5,5-6	5,5-6
Stigning (%)	10	8	6-8 (10)
Min. horisontalkurveradius (R)	52,5	40	55
Min. høgbrekksradius, Møtesikt (R)	400	150	400
Min. lavbrekksradius (R)	400		400
Stoppesikt (m)		20	45
Frisikt (m)	10x54/6x54	6x24	6x54
Fortau bredde (m)	3	2	2,5
Gangveg bredde (m)	3	2,5-3	3

Tabellen viser at hovudveg frå nord til sør tilfredsstillar krav i handbok 017. I forhold til dagens krav i handbok N100 er det berre stigningskravet som ikkje er tilfredsstilt.

Fyllingsnes veg 2


Gjennomkøyring til Stemmemyra er vurdert til å skulle være ein øvrig boligveg i handbok N100 og ein atkomstveg, A1, i handbok 017. Samanlikning på regulert veg opp mot dei to dimensjoneringsklassane er satt opp i tabell under.

	Fyllingsnes veg 2	N100 (Øvrig boligveg)	017 (A1)
Bredde (m)	5	3,5-4,5	3,5-5
Stigning (%)	4	8	8
Min. horisontalkurveradius (R)	80	40	30
Min. høgbrekksradius, Møtesikt (R)	1000	150	350
Min. lavbrekksradius (R)	1300		150
Stopsikt (m)		20	20
Frisikt (m)	4x20	6x24	6x24
Fortau bredde (m)	2,5	2	


Som tabellen viser er vegen regulert for brei i forhold til handbok N100. I tillegg er det regulert for små siktretkantlar i forhold til krav i begge handbøkene.

Snuplass

I følgje handbok N100 skal det vera snuplass i enden av blindvegar. I følgje handbok 017 bør det anleggjast snuplass i enden av vegen. Krava til vendehammer er dei same i handbok N100 og 017. Krav til snuplass og snuhammer er som vist på bildene under.



Figur 4.51 — Utforming av snuplasser.



Figur 4.53 — Vendehammer for lastebil (L) (mål i m).

Snuplass type	Dimensjonerende kjøretøy	R1	R2	R3	R4
A	Buss (B)	13	4,5	15	10
	Vogntog (VT)	13	3,5	20	15
	Modulvogntog (MVT)	15	2,0	30	30

Fyllingsnes

Heilt sør i reguleringsplanen er det regulert inn ei snuplass som tilfredsstillar krav til snuplass i både handbok N100 og 017.


Det er ikkje snuplass i enden av deg 2. Siste avkøyrsel (avkøyrsel lengst aust) i Fyllingsnes må nyttast som snuhammer. Avkøyrsele er regulert med hjørneavrunding 6m, mot kravet på 8,5m. Og bredde på veg og avkøyrsel er for liten slik at den ikkje tilfredsstillar krava i handbøkene.

Konklusjon

Fyllingsnes

Etter ein vurdering ser vi at vegane i Fyllingsnes reguleringsplan er nær på å tilfredsstillar krava i vegnormalane. §4.1.2 i føresegner i Fyllingsnes reguleringsplan opnar opp for at det kan gjerast mindre endringar i vegføringar når tekniske planar gjer det naudsynt. Det vil sei at til dømes frisktlinjer kan justerast i høve til krava og avkøyrsel lengst aust kan justerast slik at den tilfredsstillar krav til snuhammar.

Med venleg helsing



Belinda Nesbjørg